

# Forskrift om gebyr for arbeid etter plan- og bygningsloven, Kinn kommune, Vestland

## Gjeldande frå 2026

### Kapittel 1. Generelle føresegner

#### § 1-1. *Betalingsplikt*

Alle som får tenester utførte etter dette regulativet, skal betale gebyr. Gebyret blir pålagt tiltakshavar. Gebyret forfell til betaling 30 dagar etter fakturadato. Ved for sein betaling kjem purregebyr og forseinkingsrenter i tillegg.

Det blir ikkje berekna meirverdiavgift på gebyr etter plan- og bygningsloven.

#### § 1-2. *Tidspunkt for fakturering og betaling*

Gebyr etter plan- og bygningslova blir berekna etter dei satsane som gjeld på det tidspunktet den fullstendige søknaden kjem fram til kommunen.

Dersom ikkje noko anna er spesifisert, blir saka fakturert når vedtak blir fatta eller når kommunen har handsama ferdig eller avslutta saka. Kommunen kan krevje inn gebyr på førehand.

#### § 1-3. *Gebyra i regulativet*

Gebyra reflekterer kommunen sitt arbeid med dei enkelte sakstypane og er berekna i samsvar med sjølvkostprinsippet. Gebyrregulativet blir vedteke årleg av kommunestyret.

#### § 1-4. *Søknader som blir trekt eller avvist*

Det blir kravd gebyr for søknader som blir avviste eller trekte.

#### § 1-5. *Avslag*

Sakshandsaminga blir rekna som avslutta dersom det ikkje er sendt klage innan klagefristen går ut. For å etterleve reglane om sjølvkost skal 100 % av det ordinære gebyret bli betalt ved avslag. Avslagsgebyret blir ikkje godskriva ved innsending av ny revidert søknad.

#### § 1-6. *Klage*

Det er ikkje høve til å klage på gebyr som er vedtekne av kommunestyret.

#### § 1-7. *Gebyr som kjem i strid med sjølvkostprinsippet*

Dersom kommunen etter eigen vurdering ser at gebyret er openbart for høgt i forhold til sjølvkostprinsippet, jf. det arbeidet og dei kostnadane kommunen har hatt, skal gebyret reduserast gjennom eit enkeltvedtak.

#### § 1-8. *Definisjonar og forklaringar*

- a. Bueining: Brukseining som har alle hovudfunksjonane for ein bustad, slik som stove, kjøken, soveplass, bad og toalett, og har eigen inngang og er fysisk skild åt frå andre einingar, jf. SAK § 2-2.
- b. Bustad/bustadeigedom: Eigedom med bygg som blir brukt til bustadformål, medrekna fritidsbustad. Bygningstype 111–163 etter NS 3457.

- c. Bruksareal (BRA): Bruksareal for eigedomen som er registrert i matrikkelen og berekna med utgangspunkt i NS 3940.
- d. Når det seinare i forskrifta er nytta eininga er det meint bustadeining eller ein fritidsbustadeining.
- e. Brukseining: Bygning eller del av bygning (lokale), t.d. bueining, kontoreining, verkstad og lager.
- f. Bygningstype: Standardisert kategorisering av den enkelte bygningen etter NS 3457. Bygningstypar frå 111 til 199 høyrer til bygningshovudgruppe bustadbygning.
- g. Eigedom: Fast eigedom definert med eit eige gards- og bruksnummer, festenummer og/eller seksjonsnummer i matrikkelen. Seksjon etablert i samsvar med eigarseksjonslova blir rekna som sjølvstendig eigedom.
- h. Fritidsbustad: Bygg som er registrert som fritidsbustad i matrikkelen. Bygningstype 161–163 etter NS 3457.
- i. Kombinasjonseigedom: Eigedom med ei eller fleire brukseiningar som ikkje er bustad. Eigedom med ei eller fleire bueiningar samt ein eller fleire bygningar for fiskeri eller landbruk blir klassifisert som kombinasjonseigedom.
- j. Matrikkel: Nasjonalt eigedomsregister der kvar eigedom har eit unikt nummer som består av kommunenummer, gardsnummer (gnr.), bruksnummer (bnr.), festenummer (fnr.) og seksjonsnummer (snr.). Dersom bruket ikkje har feste- og/eller seksjonsnummer har desse verdien null (0). Tidlegare kalla GAB-registeret (Grunneiendoms-, Adresse- og Bygningsregisteret).
- k. Næringseigedom: Eigedom som ikkje er bustad- eller kombinasjonseigedom. Bygg for offentlege føremål blir klassifisert som næringseigedom.
- l. SAK: Forskrift om byggesak (byggesaksforskriften).
- m. Sakshandsamingsgebyr: Gebyr som skal dekke oppgåvene i sakshandsamingsprosessen, avhengig av kompleksiteten og storleiken på tiltaket.
- n. Søknadspliktige tiltak: Tiltak definerte i § 20-1, § 20-2, § 20-3 og § 20-4 i plan- og bygningslova.
- o. TEK: Forskrift om tekniske krav til byggverk (byggteknisk forskrift).
- p. Tiltaksklasse: Inndeling av oppgåver i tiltaket basert på vanskegrad, kompleksitet og konsekvensar av manglar og feil, jf. SAK § 9-4.
- q. Fasade: Ein fasade består av alle dei ytre elementa på ein bygning, inkludert vegger, vindaug, dører, og tak. Dette inkluderer òg materiale som blir brukte for å verna bygningen mot vêr og vind, som isolasjon og vindsperre. Fasaden gir bygninga identitet, stil, og fungerer som eit vernande skjold mot elementa.

### **§ 1-9. Sakkunnig bistand**

I saker der kommunen ser det som nødvendig å henta inn nødvendig sakkunnig bistand for kontroll, uttale, vurderingar og utgreiningar i samsvar med lov- og forskriftskrav og liknande, vil kommunen krevja at kostnadene for slik bistand i sin heilskap blir dekt av forslagsstillar/tiltakshavar. I tillegg blir det fakturert for tida kommunen har brukt til å henta inn denne bistanden.

### **§ 1-10. Digitale søknadar**

Papir- eller skjemabaserte søknadar skal ha høgare gebyr enn digitale søknadar som er sendt inn via digital søknadsportal. Gjeld alle sakstypar i denne forskrifta. Ved problem/manglar i systemet hos kommunen skal ikkje dette medføre til auka gebyr.

Kunde vil bli fakturert ekstra 15% dersom søknad ikkje blir sendt inn via digital søknadsportal.

### **§ 1-11. Årleg justering av satsar**

Kommunestyre fastset gebyrsatsar årleg. Gebyret kjem fram av kommunen sitt gebyrregulativ.

## **Kapittel 2. Reguleringsplan**

### **§ 2-1. Generelt**

Forskrift med heimel i § 33-1 i plan- og bygningslova. Forskrifta gjeld saker som er omfatta av kap. 12 i pbl.

Gebyret er delt i gebyr for møte- og handsamingsgebyr.

### **§ 2-2. Tidspunkt for fakturering**

Planframlegget blir ikkje lagt ut til offentlig ettersyn før gebyret er betalt. Kommunen kan avslutte saker der det er meir enn 1 år sidan siste kontakt mellom kommunen og regulant.

Oppstartmøte blir fakturert når regulanten ber om oppstartmøte. Det blir fakturert gebyr for avklaring av reguleringssspørsmål etter § 12-8 i pbl. når regulanten ber om ei slik sak.

### **§ 2-3. Timepris**

For dei tenestene som ikkje er omfatta av dette regulativet kan det takast gebyr etter tida som har gått med. Timesatsen dekkjer også støttefunksjonar og administrasjon av tenesta.

| Private reguleringsplanar |                                                                                                                                     |       |
|---------------------------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-------|
| Varenr.                   | Timepris                                                                                                                            | Gebyr |
| Vnr. 1                    | For tenester som skal bli fakturerte etter tida som har gått med                                                                    |       |
|                           | <b>Oppstart, jf. pbl. § 12-8</b>                                                                                                    |       |
| Vnr. 2                    | Oppstartmøte                                                                                                                        |       |
| Vnr. 3                    | Planinitiativ der politisk utval tek stilling til reguleringssspørsmål, jf. pbl. § 12-8 første og andre ledd.                       |       |
|                           | <b>Handsamingsgebyr for handsaming av planframlegg, jf. § 12-10, § 12-11 i pbl.</b>                                                 |       |
| Vnr. 4                    | Handsaming av framlegg til detaljreguleringsplan inntil 1–5 einingar eller inntil 500 m2 næringsareal eller inntil 10 da anna areal |       |

|         |                                                                                                                                                                              |                  |
|---------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|------------------|
| Vnr. 5  | Handsaming av framlegg til detaljreguleringsplan inntil 6–10 einingar eller inntil 1000 m2 næringsareal eller > 10 da anna areal                                             |                  |
| Vnr. 6  | Handsaming av framlegg til detaljreguleringsplan over 10 einingar eller over 1000 m2 næringsareal eller > 50 da anna areal                                                   |                  |
| Vnr. 7  | Handsaming av framlegg til detaljreguleringsplan med planprogram og konsekvensutgreiing                                                                                      |                  |
|         | <b>Utfylling eller endring av planframlegg, jf. § 12-14 andre ledd i pbl.</b>                                                                                                |                  |
| Vnr. 9  | Mindre reguleringsendringar, pbl. § 12-14 andre ledd adm. handsaming                                                                                                         |                  |
| Vnr. 10 | Mindre reguleringsendringar, pbl. § 12-14 andre ledd politisk handsaming                                                                                                     |                  |
| Vnr. 11 | Vesentlege endringar som er å rekne som ny sak etter § 12-14 første ledd, bli gebyrlagt som om det er ei ny sak                                                              | Gebyr som ny sak |
|         | <b>Trekking av søknad</b>                                                                                                                                                    |                  |
| Vnr. 12 | Ved trekking av planframlegg eller manglande oppfølging frå regulanten skal regulanten betale ein del av gebyret, avhengig av kor langt kommunen har kome i sakshandsaminga. |                  |
| Vnr. 13 | For saker som blir trekte etter varsel om oppstart, men før kommunen har fått det innsendte planframlegget                                                                   |                  |
| Vnr. 14 | For saker som blir avslutta etter innsendt planframlegg, men før førstegongs vedtak                                                                                          |                  |
|         | <b>Møte</b>                                                                                                                                                                  |                  |
|         | Møte før oppstartmøtet er gratis. Møte etter oppstartmøtet blir fakturerte etter tidsbruk                                                                                    |                  |

### Kapittel 3. Bygge- og delesaker

#### § 3-1. Generelt

Forskrift med heimel i § 33-1 i plan- og bygningsloven.

Gebyrregulativet tar utgangspunkt i to hovudtypar av bygg, nemleg reine bustadbygg og alle andre bygg. Regulativet speglar av det faktiske sakshandsamingsarbeidet dei ulike sakstypene fører med seg. For bustadbygg er ofte kompleksiteten eit resultat av talet på bueiningar, og dette blir spegla av i regulativet. For andre bygg er det meir den generelle storleiken som avgjer sakshandsaminga. I tillegg kjem gebyr for godkjenning av ansvarlege, gebyr for handsaming av eventuelle dispensasjonar samt gebyr for kart i samsvar med gjeldande regulativ.

##### § 3-1-1. Grunnlag

Av byggjesakgebyret kan inntil 30 % dekke kostnadene med tilsyn jf. plan- og bygningsloven § 33-1.

Kor ikkje anna kjem fram utgjer utrekningsgrunnlaget for gebyret bruksareal BRA iht. Norsk Standard 3940, avrunda nedover til næraste m<sup>2</sup>. I tillegg til byggjegebyret blir det fastsett gebyr for anna teneste knytt til søknad slik det kjem fram av dette regulativ.

Det blir betalt gebyr per tiltak per søknad.

Viss det ikkje kan bereknast bruksareal for tiltaket, blir gebyret berekna med utgangspunkt i samla tilleggsareal (flatemål). For søknader om endring av gitt løyve, blir fastsette 100 % gebyr av den delen av tiltaket som blir endra. For tiltak som blir revidert innan klagefristen etter at det er gitt avslag blir fastsett 100 % gebyr av den delen av tiltaket som blir revidert, føresett at avslaget ikkje blir klaga på.

### **§ 3-1-2.Søknader eller førespurnader som blir trekte eller avvist**

Det blir kravd gebyr for søknader som blir avviste eller trekte, sjå § 3-18.

### **§ 3-1-3.Søknader som fører til avslag**

Ved avslag blir det fastsett 100 % gebyr av ordinært gebyr.

### **§ 3-2.Ny bebyggelse og endring og/eller ombygging av eksisterende bebyggelse**

Føreseigna gjeld oppføring, tilbygg, påbygg, underbygg, plassering av bygning, konstruksjon eller anlegg. Gjeld òg endring av nemnde tiltak. Mellombelse tiltak, varig eller tidfesta bruksendring, samanføyning m.m. Under dette gjeld føreseigna for bustader, nøst, garasjar, carportar, uthus, industribygg, næringsbygg, tenesteyting, konstruksjonar og anlegg. Det blir berekna eit gebyr per tiltak/frittstående bygning. Samanføyning av bueiningar; blir berekna gebyr for det nye samanføya arealet.

Det blir ikkje berekna tilleggsgebyr når søknad om oppføring av bygning òg inkluderer parkering/mur/skjerjing/fylling/utomhusanlegg som er ein føresetnad for oppføring av bygningen, og som blir søkt om samtidig som oppføring av bygningen.

For nye bueiningar, blir berekna gebyr etter areal og med eit tilleggsgebyr for kvar ny bueining.

Dette gebyret får eit makstak for antal kvadratmeter på 4 000 m<sup>2</sup>.

| Varekode | Skildring                        | Pris I kr |
|----------|----------------------------------|-----------|
| Vnr. 1   | Frå 0 – 50 m <sup>2</sup> .      |           |
| Vnr. 2   | Over 50-100 m <sup>2</sup> .     |           |
| Vnr. 3   | Over 100 – 250 m <sup>2</sup> .  |           |
| Vnr. 4   | Over 250 – 600 m <sup>2</sup> .  |           |
| Vnr. 5   | Over 600 – 1000 m <sup>2</sup> . |           |

|        |                                                                                                                                                                         |                                                                    |
|--------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--------------------------------------------------------------------|
| Vnr. 6 | Over 1000 m <sup>2</sup> , og maksimum 4000m <sup>2</sup> .                                                                                                             | Fastpris+ kr X,-<br>pr. m <sup>2</sup> over<br>1000 m <sup>2</sup> |
| Vnr. 7 | I tillegg til satsane ovanfor skal det for nye bueiningar bereknast gebyr per ny bueining, opptil 20 nye bueiningar.<br><br>Gjeld ikkje ved samanføyning av bueiningar. |                                                                    |

### § 3-3.Driftsbygningar i landbruket

Det blir berekna gebyr etter denne føresegna for driftsbygningar i landbruket. Dette gebyret får eit makstak for antal kvadratmeter på 3 000 m<sup>2</sup>

| Varekode | Skildring                                                     | Pris i kr                                                          |
|----------|---------------------------------------------------------------|--------------------------------------------------------------------|
| Vnr. 1   | Driftsbygningar i landbruket 0 – 500 m <sup>2</sup> .         |                                                                    |
| Vnr. 2   | Driftsbygningar i landbruket over 500 – 1000 m <sup>2</sup> . |                                                                    |
| Vnr. 3   | Driftsbygningar i landbruket over 1000- 3000 m <sup>2</sup> . | Fastpris + kr X- pr.<br>m <sup>2</sup> over<br>1000 m <sup>2</sup> |

### § 3-4.Fasadeendring

Det blir berekna gebyr etter denne føresegna når det ikkje kan bereknast gebyr etter § 3-2.

| Varekode | Skildring                                                                                                                                             | Pris i kr |
|----------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-----------|
| Vnr. 1   | Fasadeendring på småhus (frittliggjande einebustad, tomannsbustad, rekkjehus, kjedehus, 3-mannsbustad og 4-mannsbustad). Det blir gebyrlagt per bygg. |           |
| Vnr. 2   | Fasadeendring på større bygningar (alle bygningar som ikkje er definert ovanfor). Det blir gebyrlagt per bygg.                                        |           |

### § 3-5.Riving

Samla areal per bygning / del av bygning utgjør gebyrgrunnlaget. Når det ikke er mogleg å fastsetja areal som t.d. pipa, mur m.m. blir det berekna gebyr etter lågaste pris per tiltak.

| Varekode | Skildring                                       | Pris i kr |
|----------|-------------------------------------------------|-----------|
| Vnr. 1   | 0–100 m <sup>2</sup> .                          |           |
| Vnr. 2   | Over 100 m <sup>2</sup> –1 000 m <sup>2</sup> . |           |
| Vnr. 3   | Over 1 000 m <sup>2</sup>                       |           |

### § 3-6.Rehabilitering og oppføring av pipe

| Varekode | Skildring              | Pris i kr                    |
|----------|------------------------|------------------------------|
| Vnr. 1   | Rehabilitering av pipe |                              |
| Vnr. 2   | Oppføring av pipe      | Justering etter § 3-2 Vnr. 1 |

### § 3-7.Støttemurar, levegg o.l.

Det blir berekna gebyr etter denne føresegna når tiltaket utgjør ein sjølvstendig del som ikkje er medrekna i gebyret etter § 3-2.

| Varekode | Skildring                                                                     | Pris i kr                                  |
|----------|-------------------------------------------------------------------------------|--------------------------------------------|
| Vnr. 1   | Støttemur, levegg, støyskjerm m.m. til og med 10 meter lengde.                |                                            |
| Vnr. 2   | Støttemur, levegg, støyskjerm m.m. over 10 meter- og inntil 100 meter lengde. | Fastpris + kr X,- pr. meter over 10 meter. |

### § 3-8.Skilt og reklameinnretningar

| Varekode | Skildring                                 | Pris i kr |
|----------|-------------------------------------------|-----------|
| Vnr. 1   | Skilt, skilttavler og reklameinnretningar |           |

### § 3-9.Vesentlege terrenginngrep – pbl. § 20-1 bokstav k

Det blir berekna gebyr etter denne føresegna når tiltaket utgjør ein sjølvstendig del som ikkje er medrekna i gebyret etter § 3-2.

Utfylling i sjø må reknast ut etter kubikkmeter (m<sup>3</sup>).

| Varekode | Skildring                                                                                       | Pris i kr            |
|----------|-------------------------------------------------------------------------------------------------|----------------------|
| Vnr. 1   | Vesentleg terrenginngrep 0–250 m <sup>2</sup>                                                   |                      |
| Vnr. 2   | Vesentleg terrenginngrep 250–1 000 m <sup>2</sup> .                                             |                      |
| Vnr. 3   | Vesentleg terrenginngrep over 1 000 m <sup>2</sup> –2 000 m <sup>2</sup>                        |                      |
| Vnr. 4   | Vesentleg terrenginngrep over 2 000 m <sup>2</sup> og inntil 4000m <sup>2</sup>                 |                      |
| Vnr. 6   | Vesentleg terrenginngrep i sjø, per kubikkmeter (m <sup>3</sup> ). Inntil 5000 m <sup>3</sup> . | pr. m <sup>3</sup> . |

|  |  |                          |
|--|--|--------------------------|
|  |  | 20,- pr m <sup>3</sup> . |
|--|--|--------------------------|

### § 3-10. Anlegg av veg, parkeringsplass og landingsplass

Det blir berekna gebyr etter denne føresegna når tiltaket utgjer ein sjølvstendig del som ikkje er medrekna i gebyret etter § 3-2.

| Varekode | Skildring                                                     | Pris i kr                                  |
|----------|---------------------------------------------------------------|--------------------------------------------|
| Vnr. 1   | Parkeringsplass på terreng inntil 5 plassar.                  |                                            |
| Vnr. 2   | Parkeringsplass på terreng over 5 plassar. Tillegg per plass. | Fastpris +<br>X kr –<br>pr. park.<br>Plass |
| Vnr. 3   | Gangbru/kulvert og liknande.                                  |                                            |
| Vnr. 4   | Veganlegg, køyrebru/kulvert og liknande.                      |                                            |
| Vnr. 5   | Ladestasjonar på same eigedom pr. søknad.                     |                                            |
| Vnr. 6   | Landingsplass og liknande infrastruktur                       |                                            |
| Vnr.7    | Avkøyringsløyve (ny/ endring/ utvida bruk)                    | Justering<br>etter § 3-2<br>Vnr. 1         |

### § 3-11. Bygningsteknisk installasjon

Det blir berekna gebyr etter denne føresegna når tiltaket utgjer ein sjølvstendig del som ikkje er medrekna i gebyret etter § 3-2.

| Varekode | Skildring                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                              | Pris i kr                                   |
|----------|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|---------------------------------------------|
| Vnr. 1   | Ventilasjonsanlegg (kuldeanlegg og varmepumpe) og automatisk brannvarslingsanlegg- og brannslukningsanlegg.                                                                                                                                                                                                                                                                            |                                             |
| Vnr. 2   | VA-anlegg i grunn. Hovedledning og fellesledning inntil en lengde på 300 meter. Lengde over 300-1500 meter får eit tillegg per påbegynt 100 meter.<br><br>Dette gebyret får eit makstak for antal kvadratmeter på 1500 m <sup>2</sup>                                                                                                                                                  | Fastpris<br>+ X , -<br>pr. 100 meter        |
| Vnr. 3   | VA -anlegg. Ein enkelt stikkledning.<br><br>Etablering av meir enn ein stikkledning, og maksimum 20 stikkledningar, frå same hovudledning/fellesledning. får eit tillegg per stikkledning.<br><br>Det blir ikkje tatt gebyr for stikkledningar knytt til fellesledningar ved ny- feltutbygging. Dette gebyret får eit makstak på 20 stikkledningar frå same hovudledning/fellesledning | Fastpris<br><br>+ X , -<br>pr. stikkledning |
| Vnr. 4   | Heis, rulletrapp, rullande fortau, rulleband og liknande.<br>Gebyr pr. bygg. Søknaden får fritak frå gebyr når trappeheis er installert med vedtak frå Nav. Gjeld bustadhus og småhus (inntil 4 etasjar).                                                                                                                                                                              |                                             |



### § 3-12.Diverse tiltak

| Varekode | Skildring                                                                      | Pris i kr |
|----------|--------------------------------------------------------------------------------|-----------|
| Vnr. 1   | For arbeid som ikkje kan bereknast etter satsar nemnt elles i gebyrregulativet | pr time   |

### § 3-13.Forhåndskonferanse og veiledningsmøte

| Varekode | Skildring                                                                                                                                                                                                 | Pris i kr                                                |
|----------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|----------------------------------------------------------|
| Vnr. 1   | Førehandskonferanse for større bustadsprosjekt og nærings- og industriområder, bygge og dele-tiltak etter plan- og bygningsloven § 20-2, per møte.                                                        | Justeres etter prisindeks                                |
| Vnr.2    | Førehandskonferanse for enkelt tiltak på eksisterande bustadeigedom eller fritidseigedom, bygge og dele-tiltak etter plan- og bygningsloven § 20-2, per møte.                                             | 50% av ordinært førehandskonferansegebyr                 |
| Vnr. 3   | Avbestilt førehandskonferanse – seinare enn 2 virkedagar før avtalt tid eller manglande frammøte blir belasta med gebyr. Det vil ikkje bli belasta gebyr dersom møtet blir utsett / flytta til anna dato. | 40% av førehandskonferansegebyr for Vnr. 1 eller Vnr. 2. |
| Vnr. 4   | Avtalt rettleiingsmøte i ei konkret sak, per møte                                                                                                                                                         |                                                          |

### § 3-14.Igangsetjingsløyve

| Varekode | Skildring                          | Pris i kr |
|----------|------------------------------------|-----------|
| Vnr. 1   | Frå andre igangsetjingsløyve (IG). |           |

### § 3-15.Midlertidig brukstillatelse

| Varekode | Skildring                                                                                  | Pris i kr |
|----------|--------------------------------------------------------------------------------------------|-----------|
| Vnr. 1   | Behandling av midlertidig brukstillatelse.                                                 |           |
| Vnr. 2   | Utskriving av ferdigattest 6 år etter igangsetjing eller 2 år etter mellombels bruksløyve. |           |

### § 3-16.Dispensasjon frå arealplan

Det blir fastsett eit gebyr per dispensasjon som blir behandla. Gebyr blir kravd uavhengig av om saka blir avslått eller godkjend.

For søknader som blir trekte eller avvist gjeld andre gebyr. Jf. § 3-18.

| Varekode | Skildring                                                                                  | Pris i kr                            |
|----------|--------------------------------------------------------------------------------------------|--------------------------------------|
| Vnr. 1   | For søknad om dispensasjon frå gjeldande plangrunnlag.                                     | Fastpris pr. disp.                   |
| Vnr.2    | Dispensasjon for mindre tiltak (etter plan og bygningslova §20-4) på bebygd eigedom i LNF. | 50 % av ordinært dispensasjonsgebyr. |

### **§ 3-17. Dispensasjon frå plan og bygningsloven med tilhøyrande forskrifter og søknad om unntak/fritak frå tekniske krav**

Det blir fastsett eit gebyr per dispensasjon og unntak/fritak som blir behandla.

Gebyr for dispensasjon eller unntak/fritak blir kravd uavhengig av om saka blir avslått/blir tillaten. For søknader som blir trekte eller avvisast gjeld andre gebyr. Jf. § 3-18.

| Varekode | Skildring                                                                         | Pris i kr          |
|----------|-----------------------------------------------------------------------------------|--------------------|
| Vnr. 1   | For søknad om dispensasjon frå Plan og bygningsloven med tilhøyrande forskrifter. | Fastpris pr. disp. |
| Vnr. 2   | For søknad om unntak/fråvik frå byggteknisk forskrift                             |                    |

### **§ 3-18. Søknader eller gebyrbelagte førespurnader som blir trekte eller avviste i byggje- og delesaker**

| Varekode | Skildring                                                                                                                                                                                                                   | Pris i kr              |
|----------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|------------------------|
| Vnr. 1   | For avvising av saker der saksbehandling er påbyrja der grunnlag for saksbehandling ikkje er tilstrekkeleg, og/eller komplettering av søknad innan frist ikkje fører fram, blir gebyret fastsett til 25% av ordinært gebyr. | 25% av ordinært gebyr  |
| Vnr. 2   | For byggje-, delesøknader som blir trekt før vedtak blir gebyret fastsett til 25% av ordinært gebyr.                                                                                                                        | 25% av ordinært gebyr  |
| Vnr. 3   | For søknader som berre inneheld dispensasjon eller unntak/fråvik og som blir trekte eller avviste, blir det rekna 25 % av ordinært gebyr.                                                                                   | 25% av ordinært gebyr. |

### **§ 3-19. Søknad om overføring av areal, oppretting av ny grunneigedom, ny anleggseigedom eller nytt jordsameie, plan- og bygningsloven § 20-2**

| Varekode | Skildring | Pris i kr |
|----------|-----------|-----------|
|----------|-----------|-----------|

|        |                                                                                                                                       |                                             |
|--------|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|---------------------------------------------|
| Vnr. 1 | Søknad om frådelling, den første tomta, ihht gjeldande reguleringsplan.                                                               |                                             |
| Vnr. 2 | Søknad om frådelling, utover ein parsell blir fakturerte med 50 % per eining. Sjå § 3-17 for tilleggsgebyr for dispensasjon.          | 50% av ordinært frådelingsgebyr per eining. |
| Vnr. 3 | Søknad om frådelling av tilleggsareal og arealoverføring, pr. parsell. Sjå <a href="#">§ 3-17</a> for tilleggsgebyr for dispensasjon. |                                             |
| Vnr. 4 | Søknad om endring av godkjent deling,                                                                                                 | 50 % av ordinært gebyr per tomt             |

### **§ 3-20. Godkjenning av sjølvbyggjar**

| Varekode | Skildring                               | Pris i kr |
|----------|-----------------------------------------|-----------|
| Vnr. 1   | Godkjenning av søknad som sjølvbyggjar. |           |

### **§ 3-21. Godkjenning av søknad om ansvarsrett**

| Varekode | Skildring                                   | Pris i kr |
|----------|---------------------------------------------|-----------|
| Vnr. 1   | Godkjenning av søknad om ansvar for føretak |           |